



Trommeseminar med Frank Jakobsen er både gøy og lærerikt. Her er (frå venstre) Isak Mehammar, Stian S. Myklebust, Sindre Aksnes, Katrine Y. Røssland og Espen Karlsen. Isak og Espen er frå Høylandsbygd, dei tre andre frå Uskedalen. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Slagverkssamlingane med den kjende Bergens-trommisen Frank Jakobsen har blitt svært populære og inspirerende for dei unge deltakarane. Lørdag var Jakobsen tilbake i Uskedalen for tredje gong for å ha seminar med denne gruppa av unge korpsmusikarar.**

Også denne gongen fekk deltakarane ein utviklande dag som dei tydelegvis sette stor pris på. Gjennom sin lune veremåte får den røynde instruktøren svært god kontakt med elevane sine samstundes som har skaper ei trygg og god stemning i gruppa. Dette gjev eit godt fundament for læringa som skal føregå. Gjennom ulike øvingar fomidla Jakobsen viktige basiskunnskapar til dei unge slagverkararane.

Hovudvekta vart lagt på øving på trommesett, men det var og øving på andre rytmeinstrument. Deler av tida vart brukt på øving i spelning etter notar medan elevane og fekk øving i å spela til innspelt musikk på CD. Dei unge deltakarane saug til seg kunnskap, og det var tydeleg at dei sette stor pris på måten undervisninga var lagt opp på.

Frank Jakobsen skulle vera velkjend nok som ein merittert utøvande musikar. I tillegg er han og ein svært dugande instruktør og lærar. Husnesingen Rune Solheim som sit bak trommene i Kaizers Orchestra, er ein av mange tidlegare elevar som etter kvart er blitt kjende slagverkarar. Han hadde Jakobsen som lærar i tida han gjekk på høgskulen i Bergen. Før den tid var som kjent den same Rune Solheim i fleire år slagverksgruppa i Uskedal Musikklag først på 90-talet.

Dei unge kursdeltakarane har sterke ønskje om fleire samlingar med Frank Jakobsen, og Uskedal skulemusikk som er teknisk arrangør, har planane klare for det. Ungdommens kommunestyre har støtta det gode tiltaket økonomisk.

Av Thor Inge Døsland



- Det er viktig at dere lærar å spela etter noter, seier Frank Jakobsen og Espen føl opp instruksjonane. (Foto: Thor Inge Døsland)